



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Postadresse
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57 64 3133
sfvlpost@statsforvalteren.no
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2019/5041-0 432.3

Dykker ref. «REF»

Dato 29.10.2024

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - referat etter dialogmøte - Fagleg rådgjevande utval og Administrativt kontaktutval 2024

Møtestad: Thon Partner Hotel Jølster, Skei i Sunnfjord kommune

Dato: Tysdag 22.oktober 2024

Tid: Kl. 10:00 – 14:00

Til stades fra fagleg rådgjevande utval:

Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag
Universitetet i Bergen
Norsk Bremuseum
Breheimssenteret
DNT Sogn og Fjordane
Høgskulen på Vestlandet

Ingolf Folven
Atle Nesje
Pål Hage Kielland
Ole Øyen
Rune Valsvik
Jakob Yde

Organisasjonar og medlemer i rådgjevande som hadde meldt forfall:

Jostedalsbreen nasjonalparksenter
Vestland bondelag
Forum for Natur og Friluftsliv
Visit Nordfjord
Visit Fjordkysten og Sunnfjord
Visit Sognefjorden
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane

Wenche Nesje
Merete Støfring
Åsmund Nordgulen
Marita Lindvik
Marita Solheim
Ellen Fifelstad
Stina Skjerdal

Til stades av administrative kontaktpersonar:

Gloppen kommune
Sogndal kommune

Lindis Bergland Østgård
Åsmund Veigel Gaukstad

Administrative kontaktpersonar som hadde forfall:

Stryn kommune
Sunnfjord kommune
Luster kommune

Eivind Evebø
Solfrid Trå¹
Marte Meland



Til stades frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og administrasjonen:

Styreleiar Andreas Wollnick Wiese	Luster kommune
Styremedlem Stine Fjellkårstad	Stryn kommune
Styremedlem Hege Lothe	Vestland fylkeskommune
Varamedlem til nasjonalparkstyret Bård Helle Bolstad	Gloppen kommune
Trygve Snøtun - Nasjonalparkforvaltar	
Tor Arne Hauge – Nasjonalparkforvaltar	
Anne Rudsengen – Statens naturoppsyn (SNO)	

Sakliste:

1. Velkommen

Styreleiar Andreas Wollnick Wiese ynskte velkommen til dialogmøte . Kort presentasjon rundt bordet – namn og organisasjon/rolle.

2. Kva har skjedd i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2024?

Anne Rudsengen SNO og nasjonalparkforvaltarane Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge synte bilete og fortalte frå synfaringar, styremøte, tiltak, planarbeid og andre aktivitetar i og omkring nasjonalparken det siste året. Presentasjonen starta i nordaust, øvst i Jostedalen og heldt fram rundt breen og enda lengst aust i Stryn.

Innspel under biletkauskade:

- Atle Nesje og Jacob Yde kommentert at dalsida inn mot bretunga på Austerdalsbreen er svært laus og ustabil. Å ferdast i området er tilnærma livsfarleg på grunn av utstabile lausmassar og steinar som kan losne og rulle ned kva tid som helst. Det bør vurderast tiltak for å unngå ulukker.
- Ole Øyen kommenterte at brevandringssymbolet (isøksa) i brosjyrekartet må forklarast betre. Viser det til eit breutsiktspunkt eller til eit kommersielt tilbod om brevandring?
- Ingolf Folven kommenterte at benkane som er sett ut m.a. ved Kjenndalsbreen og Bøyabreen ikkje passar ved Jostedalsbreen. Trebenkar passar ikkje ved Jostedalsbreen, dei burde ha vore laga av Stein.

3. Kva skjer med Jostedalsbreen?

Natur- og samfunnsmessige konsekvensar av endringar i klima. Jacob Yde frå Høgskulen på Vestlandet presenterte resultat frå JOSTICE-prosjektet.
For meir om prosjektet sjå www.jostice.no .

4. Runde rundt bordet

Kvar einskild vart utfordra til å kome med kommentarar og innspel til forvaltninga av nasjonalparken. Det vart og bede om innspel til arbeidet med tiltaksplanen for 2025.

Følgjande innspel kom inn:

Pål Kielland, Norsk Bremuseum:

- Om lag 80 000 besøkande sesongen 2024. Tilbake som før pandemien i tal besøkande, større omsetnad, bra sesong! Noko færre grupper.



- Skiltinga i Fjærland (bøyabreen og Supphellebreen) saman med forvaltinga, bør vere noko anna enn det som er i museet.
- Spørsmål om drone, men forvaltinga har ingen ekstra restriksjonar i forskrift.
- Korleis stoppe folk/skilte på farlege plassar kring breen.
- Karen Weichert oppdaterer no boka om Jostedalsbreen. Den skal vere klar til våren.
- Er det råd å få laga ein tospråkleg versjon av nasjonalparkbrosjyra – Norsk/Engelsk?
- Sør Korea er største gruppa besøkande på Bremuseet.

Atle Nesje, Universitetet i Bregen (UiB)

- Jobbar med nye utstillingar for alle sentra (JOSTICE).
- Bra med Bøyabreen, ønskjer bru over elva ved Supphellebreen.
- Opp/nedgangar rundt breen bør vere godt merka, i alle fall dei som er på karta.
- Stislitasje på moreneryggjar, viktig å følgje opp, særskilt Bødalsbreen men også mange andre. Vilde Gjerde skriv master om stislitasjeindeks i haust, felt kring Jostedalsbreen.
- Esmark 200 år sidan istidsteorien, UNESCO status.
- Neste år er FN's internasjonalt isbreens år. Bør markerast, lage ein programkomite? Pål og Atle melde seg til ein evt. programkomité.
- Reinsdyrgevirfunn i Stryn er blitt artikkel i 2024, eldste funna er 4000 år gamle. Lagra i snøfanner. Funna indikerer at breane er mindre enn før.

Jacob Yde, Høgskulen på Vestlandet (HVL):

- Jobbar i Sogndal, mange forskrarar innom. 8-9 personar jobbar med brear, og ei gruppe på 8-9 personar arbeider med skred. Kan vere ressurs for omlandet.
- Sjekk heimeside www.jostice.no, mange artikler tilgjengeleg der.

Ingolf Folven, Bonde- og småbrukarlaget:

- Representerer landbruksnæringa.
- Erdalen og Sunndalen toler meir turistar, stiane toler det godt. Kamperhamrane opprusta, men vil ikkje ha mykje folk vidare i Rauddalen, på grunn av konflikt med villreinen i området.
- Har skjedd noko med skjøtsel. Litt skepsis til slått i Sunndalen i utgangspunktet, men ein er no kome i gang med slått og rydding, har også slått utanfor inngjerda område. Vil prøve å fjerne tistel.
- Forvaltinga er blitt eit byråkratisk system. Dei lokale (grunneigarar/brukarar) kjenner på mistillit frå forvaltninga, som pirkar på saker som ikkje er noko. Stivbeint regeltolking drep lokalt initiativ. Eksempel sak om bruk av elektrisk rullestol i parken.
- Er Nasjonalparkstyret blitt eit «sandpåstrøingsorgan»?

Lindis Østgård, Gloppen kommune:

- Lite saker som omfattar nasjonalparken i Gloppen.

Ole Øyen, Breheimssenteret:

- Litt færre besøkande enn Fjærland, 35 000 i 2024.
- Vil få effekt av cruise neste år.
- Skal oppdatere utstillinga, lage ny lågterskel sti rundt senteret.
- Er valgt som styreleiar i interesseorganisasjon for alle besøkssenter i Norge.
- Sentra skal faglege forvaltingsknutepunkt (naturmeldingen). Større fokus på barn og unge framover, mindre reiseliv.
- Faglege foredrag på senteret.



- Besøkssentera bør ligge under kultur i staden for miljø, der er det større formidlingskompetanse og meir midlar.

Rune Valsvik, DNT Sogn og Fjordane:

- Ikkje noko å tilføye.

5. Tiltaksplan for 2025 – innspel og drøfting

Det vart ikkje tid til å drøfte tiltaksplan 2025 særskilt. Innspel som kom fram under runden rundt bordet vert teke med i det vidare arbeidet med tiltaksplanen for 2025.

Med helsing

Tor Arne Hauge
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Pål Gran Kielland
Anne Rudsgengen - SNO
Trygve Snøtun
Andreas Wollnick Wiese
Stine Fjellkårstad
Bård Helle Bolstad
Hege Lothe
Oddmund Klakegg
Mariel Eikeset Koren



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre
